

“Wittgenstein og eg” – ny framsyning i Luster 9. mars

Onsdag 9. mars vert det ny framsyning av “Wittgenstein og eg” i kommunestyresalen i rådhuset i Gaupne kl. 18.00. Dette er historien om John sitt liv.

Frå oppvekst i Solvorn går vegen via ulike institusjonar i Bergen attende til eit godt liv i Luster med jobb og eigen bustad. Det heile vert kommentert med “skråblikk” frå Ludvig Wittgenstein sitt liv og arbeid.

Framsyninga er nytta ulike stader både i Norge og Tyskland, og vart vist fram i Luster i mai 2004. Gjekk du glipp av framsyninga den gongen, bør du nytta høvet no.

